

Foreldreinfo oktober 2024



SU møte vart gjennomført 16.10.24. De finn referatet [her](#).

FAU møte i november blir den 20.11.24 kl.19.30


FN-dagen

Som Vikeså skule har gjort i mange år feira vi igjen FN-dagen i parken nede med Svelavatnet. Elevane hadde på førehand arbeidd med menneskerettar og menneskeverd. Det er ei fin markering der elevane får tenka over kor godt me har det i det litle hjørnet av verda me bur i..

Halloween på skulebiblioteket

Else Marie og elevar på 7.trinn har laga Halloween stemning på biblioteket siste veka av oktober.

Me har fått innvilga tilskot frå UDIR til meir fokus på biblioteket som opplæringsarena i 2025. Ressursane skal gå til bemanning på biblioteket slik at ein kan laga fleire happenings som inspirerer til lesing og leseglede. Dette saman med eit nyoppussa bibliotek trur me elevane våre skal nytta godt av!



Hausten er her for fullt, og elevar og vaksne har kome godt i drivet dette skuleåret. Uteskule, skulelunsj på ungdomstrinnet, elevvertkurs for elevrådsleiarane, fotografering for 1.-, 7. og 10.trinn, heim-skulesamtalar og gode strekk med undervisningsveker er stikkord for oktober i skulen vår.

Me set som alltid pris på tilbakemeldingar i samband med heim-skule møta, så ikkje ver redd for å ta opp det du eller barnet måtte tenka på, med din kontaktlærar.

Oppmodar dykk og til å bli med i forskingsprosjekta me har gåande på skulen. 3 masterstudentar skriv kvar si oppgåve. Ei med intervju av elevar, ei med intervju av tilsette, og ei med dykk føresette. Håper mange ønsker å bli med å setta ord på kva det er Bjerkreim bygd klarer å få til saman for å lage gode oppvekstvilkår for ungane våre.

Minner og om planleggingsdagar 14. og 15. november, og at SFO stenger kl. 12 den 13.11. God haust!

Mvh

Svanhild Gjødrem, rektor